

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.11.2021

Svar på spørsmål frå Terje Kolbotn (R) - menneske i limbo

Vestland fylkeskommune har ikkje oversyn over talet på papirlause personar i fylket. Dette er personar som står utafør dei offisielle registreringsystem som fylkeskommunen har tilgang til. Denne gruppa er heller ikkje omfatta av dei oppgåvene som vart delegerte til fylkeskommunane i samband med regionreforma.

For å få eit estimat over talet papirlause i fylket, kan det vere aktuelt å kontakta frivillige organisasjonar som Kirkens bymisjon, Røde Kors og viktige kommunar i fylket. Aktuelle kommunar er til dømes særleg Bergen, Kinn, Voss og Stord. Det er ikkje alle papirlause som søker hjelp eller kontaktar frivillige organisasjonar, og desse organisasjonane fører heller ikkje ein offisiell statistikk over desse. Alternativt kan fylkeskommunen kontakte UDI for å undersøke om det er mogleg å få eit tal på papirlause som er plasserte i mottak i Vestland. Dette vil uansett ikkje gje eit fullstendig oversyn, fordi mange papirlause oppheld seg utanfor mottaka.

Fylkeskommunen kan støtte denne gruppa gjennom organisasjonar som tilbyr direkte hjelp. Til dømes er det gjort framlegg om ei auke på kr 50.000 i driftsstøtte til Kirkens Bymisjon til totalt kr 350.000 for 2022.

Det er likevel slik at fylkeskommunen som tenesteleverandør innan opplæring, tannhelse og samferdsel har eit potensiale til å kunne legge til rette for tenester for denne gruppa. Vi veit til dømes at overgang til digitale billettsystem gjer det ekstra vanskeleg for papirlause å reisa. Papirlause har heller ikkje tilbod om tannhelse.

Også når det gjeld deltaking i kultur og frivillighet har fylkeskommunen potensiale til å stimulere.

Spørsmålet om slik tilrettelegging og stimulans er ei politisk utfordring, som mellom anna må sjåast i samanheng med nasjonal lovgjeving.